



MØTEINNKALLING

Utvalg: VESTLANDSRÅDET
Møtenr: 1/19
Møtedato: 15.02.2019 **Tid:** 10.00
Møtested: Scandic Stavanger Airport, Sola

Eventuelt forfall meldes til arne.hope@rogfk.no
Varamedlemmer møter etter nærmere avtale.

Godkjenning av innkalling / saksliste

Godkjenning av protokoll fra Vestlandsrådets møte 1. november 2018

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/19	19/2009 REKNESKAP 2018
2/19	19/2012 ÅRSMELDING 2018
3/19	19/2013 BUDSJETT 2019
4/19	19/2014 VESTLANDSRÅDET OG FRAMTIDA
5/19	19/2534 MARIN FORSØPLING
6/19	19/2940 STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET
7/19	19/3177 RAPPORT FRÅ INTERNASJONALT ARBEID
8/19	19/2425

HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDET SITT ARBEID I
NORDSJØKOMMISJONEN

- 9/19 19/2421
MOGLEGE KONSEKVENSAER FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"
- 10/19 19/2947
TRAVEL LIKE THE LOCALS - STATUSRAPPORT
- 11/19 19/3098
ORIENTERING OM NORA
- 12/19 19/3953
VESTMARIN - ÅRSRAPPORT FOR 2018 OG HANDLINGSPROGRAM
FOR 2019
- 13/19 19/4447.
FN SINE BEREKRAFTMÅL - STATUS I VESTLANDSFYLKA

Eventuelt

Orienteringsskriv:

- .1 VR-sak 29/18: Regionreformen / oppgåvemeldinga – Uttale til Stortinget frå Vestlandsrådet
- .2 VR-sak 37/18: Uttale om Statsbudsjettet for 2019

Stavanger, 06.02.2019

Solveig Ege Tengesdal
leiar i Vestlandsrådet

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-1/19
Møtedato: 15.02.2019

REKNESKAP 2018

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	1/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet godkjenner rekneskapen for 2018.

Saksutgreiing:

REKNESKAP VESTLANDSRÅDET 2018

Sakshandsamar: Dagfinn Aasen, sekretariatsleiar 2018

Vedlegg: Detaljert rekneskap (utrykt vedlegg)

Rekneskapen 2018 for Vestlandsrådet er som følger:

Inntekter

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Merknad
Overført frå Sogn og Fjordane	2 305 816 ,90	2 305 000,00	
Kontingent Rogaland	500 000,00	500 000,00	
Kontingent Sogn og Fjordane	500 000,00	500 000,00	
Kontingent Møre og Romsdal	500 000,00	500 000,00	
Kontingent Hordaland	500 000,00	500 000,00	
Sum inntekter	4 305 816 ,90	4 305 000,00	

Utgifter

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Merknad
Sekretariat for Vestlandsrådet i 2018 (4900)	1 000 000,00	1 000 000,00	1
Møteutgifter Vestlandsrådet (4901)	103 656,22	150 000,00	
Heimeside. Drift, vedlikehald, opplæring m.v.(4902)	43 309,88	50 000,00	
NORA, fast årleg medlemsavgift (4903)	127 958,77	135 000,00	
Møreforskning – fylkesvegferjeflåten(4904)	138 523,70	175 000,00	
Tiltak mot marin forsøpling (4905)	400 000,00	400 000,00	2
Nøkkeltal marin sektor (4906)	416 000,00	200 000,00	3
VestMarin Handlingsprogram 2018 (4907)	249 120,00	250 000,00	
FjordNorge	594 000,00	1 000 000,00	

AS, Scenarioprojekt 2030 (4908)			
Sum utgifter	3 072 568,57	3 360 000,00	
Overført til Rogaland FK	1 233 248,33	945 000,00	

Merknader:

- 1 Innleigd sekretariatsleiar (løn/honorar) utgjør kr. 390 769 av dette.
- 2 Beløpet gjeld tilsett prosjektleiar (engasjement), og midlane er overført Hordaland fylkeskommune, som ivaretek prosjektleiar- og arbeidsgivaransvaret.
- 3 Beløpet på kr. 416 000 er summen av kostnader både for 2018 og 2019:

Nøkkeltalsrapporten for 2016 vart presentert for Vestlandsrådet i møtet 8. juni 2018, og kostnadane rekneskapsført i 2018. Nøkkeltalsrapporten for 2017 vart ferdig på tampen av 2018, og også rekneskapsført i 2018. Denne rapporten skal presenterast for Vestlandsrådet i møte 15. februar 2019.

Detaljert rekneskap for 2018 følgjer saka som uttrykt vedlegg.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner rekneskapen for 2018.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-2/19
Møtedato: 15.02.2019

ÅRSMELDING 2018

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	2/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

Saksutgreiing:

ÅRSMELDING VESTLANDSRÅDET 2018

Sakshandsamar: Dagfinn Aasen, sekretariatsleiar 2018

Behandlinger:

Vedlegg:

Årsmelding for Vestlandsrådet 2018
Vestlandsrådet PAPIR (frå papiravisene)
Vestlandsrådet WEB (frå nettavisene)
Vestlandsrådet TV/radio (frå radio/TV)

Andre henvisninger:

www.vestlandsraadet.no

Innleiing

Gjennom samarbeid i Vestlandsrådet er målet å kunne løyse saker på ein betre måte enn den enkelte fylkeskommune kunne ha klart åleine. Det er dessutan viktig i seg sjølv å ha eit forum der dei fire fylkeskommunane kan møtast og tenkje og handle på landsdelens beste. Difor er det tidlegare utvikla både vedtekter og ein politisk plattform som set fokus og strukturerer samarbeidet i rådet.

Innan 1.1.2020, da regionreformen trer i kraft, er det viktig at styringsdokumenta for vestlandsrådet blir gjennomgått og justert. Dette blir tatt opp både i årsmeldinga og i saka om «Vestlandsrådet og framtida».

Vestlandsrådet sine møter i 2018

Møta har vore gjennomført slik:

- 15. februar i Bergen
- 7.-8. juni i Molde
- 1. november på Gardermoen

I løpet av året har Vestlandsrådet drøfta og fatta vedtak i nærare 40 saker.

Arbeidsform og organisering

Leiarvervet i Vestlandsrådet går på omgang blant fylkesordførarane. I 2018 har Møre og Romsdal hatt leiarvervet.

Administrativt er fylkesrådmannen øvste ansvarlege også for saksprosessar m.v. som gjeld Vestlandsrådet. Både fylkeskommunen som har leiarskapet, og dei andre

deltakande fylkeskommunane, stiller betydelege administrative ressursar til rådvelde for saksutgreiingar, prosessleiing, deltaking i arbeidsgrupper, etc. Dette administrative apparatet, som framgår av årsmeldinga, består av fylkeskontaktar og arbeidsgrupper, og blir leia av sekretariatsleiar.

Leiarskapet i 2018:

Fylkesordfører Jon Aasen
Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik
Sekretariatsleiar Dagfinn Aasen (for ordens skuld: ikkje i slekt med Jon Aasen)

Medieomtale av Vestlandsrådet

I løpet av eit år er det ofte medieomtale av Vestlandsrådet og om vedtak og prosessar som følgje av Vestlandsrådets vedtak og engasjement. Det er laga hefter der slike omtalar er samla.

I tillegg til å vera vedlagt denne sake, er desse lagt ut på Vestlandsrådet sine heimesider: www.vestlandsraadet.no

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

Håkon Schwalb
kst. fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-3/19
Møtedato: 15.02.2019

BUDSJETT 2019

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	3/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Budsjettet for 2019 vert vedteke slik det ligg føre.

Løyvingar til tiltak og prosjekt i 2019 vert hansama i samband med dei einskilde sakene.

Saksutgreiing:

BUDSJETT 2019

Sakshandsamar: Arne Hope, sekretariatsleiar

Inntektsgrunnlaget for Vestlandsrådet er dei årlege løyvingane på kr 500.000,- frå kvar fylkeskommune til saman 2 mill kr. Dette har over tid vore tilstrekkeleg, og ein har -i alle fall dei siste åra- hatt «pengar på bok».

Som det går fram av rekneskapen for 2018, vart det i fjor brukt litt over 3 mill kr. Men her ligg det og utgifter som gjeld 2019.

Bidraga frå fylkeskommunane er, i tillegg til dei 1 233 000 kronene som er overført frå 2018, det ein har til rådvelde i 2019.

Vestlandsrådet er for tida inne i viktige prosjekt, som vil krevja løyvingar for å kunna følgast opp.

Fylkesrådmannen vil ikkje her og nå koma med framlegg til auking av rådet sitt inntektsgrunnlag, men oppmoda til å vurdera kor mykje midlar ein er villig til å leggja i dei prioriterte tiltaka. Døme på dette er hydrogenstrategien. I og med at den vert handsama som ei seinare sak, så er det førebels ikkje ført opp midlar i dette budsjettframlegget.

Vestlandsrådet 2019	Inntekter	Utgifter
Kontingent frå fylkeskommunane (kr 500000 x4)	2 000 000	
Overførte midlar frå tidlegare år (jf rekneskap 2018)	1 233 000	
Sekretariat for Vestlandsrådet 2019 (løn, reiseutgifter etc)		1 100 000
Møteutgifter Vestlandsrådet		150 000
Heimeside – driftsavtale med Origin AS		50 000
NORA – fast årleg medlemsavgift		135 000
Tiltak mot marin forsøpling 1)	0	
Nøkkeltal 2018 2)	0	
Hydrogenstrategi for Vestlandet 3)		
Maks til rådvelde, andre prosjekt og satsingsområde: 4)		498 000
	3 233 000	3 233 000

1) Midler til prosjektstilling overført Hordaland i 2018

2) Utgiftene for 2019 vart belasta i 2018

3) Sjå eiga sak om hydrogenstrategi

Framlegg til vedtak:

Budsjettet for 2019 vert vedteke slik det ligg føre.

Løyvingar til tiltak og prosjekt i 2019 vert hansama i samband med dei einsskilde sakene.

Håkon Schwalb
kst. fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-4/19
Møtedato: 15.02.2019

VESTLANDSRÅDET OG FRAMTIDA

Saksgang: Møtesaksnr.: Utvalg: Møtedato: Votering:
4/19 VR 15.02.2019

Innstilling:

- 1 Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- 2 Vestlandsrådet prioriterer følgande saksområder som serleg viktige for samarbeidet framover:
 - Samferdsel
 - Marin forsøpling
 - Cruise og Reiseliv (Scenarioprojektet)
 - Internasjonale engasjement som underbygger punkta ovanfor
- 3 Årleg budsjett for Vestlandsrådet skal vere minimum 2 mill.kr. fordelt slik:
 - 2019: ½ mill. kr. på kvar fylkeskommune
 - Frå 2020: Regionen Vestland: 1 mill.kr.
Regionen Rogaland: ½ mill.kr.
Regionen Møre og Romsdal: ½ mill.kr.
- 4 Regionen Vestland blir representert med 7 representantar i Vestlandsrådet frå 1.1.2020.
- 5 Styringsdokumenta for Vestlandsrådet skal gjennomgås i løpet av første halvår 2019. Dette inneber også at administrative ordningar knytta til Vestlandsrådet blir gjennomgått. Rogaland fylkeskommune, som leier Vestlandsrådet i 2019, bes legge opp prosessar for dette, og legge fram sak i junimøtet.

6

Saksutgreiing:

VESTLANDSRÅDET OG FRAMTIDA

Sakshandsamarar: Dagfinn Aasen, sekretariatsleiar 2018

Vedlegg:

1. Vestlandsrådet og framtida, notat 16.05.2018
 2. Politisk plattform for Vestlandsrådet
 3. Vedtekter for Vestlandsrådet
-

1 Innleiing og bakgrunn for saka

I Arbeidsutvalets møte 25. januar 2018 (under punktet Eventuelt), foreslo Solveig Ege Tengesdal at det til Vestlandsrådets møte i juni 2018 skulle bli lagt fram «ei sak om framtidig samarbeid i Vestlandsrådet, mellom anna sett i lys av regionreforma».

Dette fekk tilslutning i Arbeidsutvalet. Det låg i dette forslaget at ein skulle vurdere

- kva det vil vere fornuftig å samarbeide om i dei nærast åra
- at ein utviklar ein politikk eller agenda som utfordrar oss i vestlandsregionen
- at ein ser utfordringane i relasjon til nasjonal politikk

Sekretariatsleiar utarbeidde deretter eit notat – kalla «Vestlandsrådet og framtida», datert 16. mai 2018 – som eit grunnlag for framtidige diskusjonar og vedtak.

Vestlandsrådet var deretter innom denne saka to gonger i 2018.

Først i møtet 8.juni 2018, med følgende behandling:

«Innstilling:

- 1 Vestlandsrådet tek notatet «Vestlandsrådet og framtida» til vitande.
- 2 Vestlandsrådet har følgende kommentarar/endringsforslag/signal som skal takast omsyn til i den vidare prosessen:
 - ...
- 3 Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram sak om «Vestlandsrådet og framtida» til rådets møte 1. november 2018.

Vestlandsrådets behandling:

Saka vart drøfta, og oppsummeres i følgende punkt:

Om saksfelt/interessefelt for Vestlandsrådet:

- *Det er eit gunstig tidspunkt å drøfte framtida for Vestlandsrådet (VR) på no, i forkant av endringar som følgje av regionreformen*
- *VR har vore eit nyttig organ for fylkeskommunane; det er store felles utfordringar. Difor vil ein også ha bruk for VR i framtida*
- *Det er behov for å «stramme opp» rådet – det er ein fare for at ein kan engasjere seg i for mykje*
- *Viktig å fokusere på veg, tunnelar, rassikring, ferjer, reiseliv og ikkje minst: finansiering av drifts- og investeringskostnadane (dvs. rammevilkåra)*
- *Sette fokus på saker og saksområde som vi krev gjennomslag for hjå sentrale styresmakter*

Om Vestlandsrådet som organ/organisasjon:

- *Må gjennomgå representasjonen i VR, utgreie aktuelle ulike/alternative organisasjonsmodellar*
- *Vurdere innflytelse, makt og økonomi, når ein no skal gå frå 4 fylkeskommunar til 3 regionar*
- *Skal vere likeverdige partar*
- *Må evaluere og eventuelt stramme opp samarbeidsplattformen og andre styringsdokument*
- *Navnedebatten er ferdig*
- *Prøve å lage ein god og «ny» start*
- *VR må ikkje bli for introvert og for opptatt av seg sjølv*
- *Økonomiske bidrag inn: etter innbyggartal? Ein fast andel i botnen og resten etter folketal? Dagens totaløkonomi i rådet truleg passe stor*
- *VR skal vere eit påverknadsorgan når ein møter motstand «frå andre sida av fjella»*
- *Vere eit tydeleg talerøyr*

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som innstillinga. Hovedtrekka frå drøftingane skal følgje saka og utviklast i den vidare saksprosessen».

Arbeidsutvalet behandla deretter saka i møte 22. august 2018 og vedtok følgande:
Regionreformen og nye oppgåver til fylkeskommunane/regionane vil kunne få stor betydning for arbeidet i Vestlandsrådet. Før ein tek stilling til kva Vestlandsrådet skal vere i framtida, og kva saker ein skal arbeide med, må ein vente på oppgåvemeldinga som skal kome i oktober 2018. Arbeidsutvalet reknar med at det blir arrangert høyringsmøter om oppgåvemeldinga, og Vestlandsrådet må i så fall melde seg på som deltakar.

Dette inneber at framdrifta i sak 4/2018 om «Vestlandsrådet og framtida» bør endrast, slik at saka blir drøfta i Vestlandsrådets møte 1. november, men ikkje sluttbehandla da.

Saka vart difor lagt fram for Vestlandsrådet i 1. november utan forslag til vedtak:

«Tilråding:

Fylkesrådmannen legg saka fram utan tilråding på noverande tidspunkt.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet held fram som felles organ for vestlandsfylka.

Eiga sak om innhald, organisering og arbeidsplan for Vestlandsrådet blir å legge fram til behandling i første møte i 2019».

Det er der vi er no.

2 Vedlegg

- 1 Notat datert 16. mai 2018: «Vestlandsrådet og framtida».
- 2 Politisk plattform for Vestlandsrådet
- 3 Vedtekter

3 Saksutgreiing

Etter Vestlandsrådets møte i Molde 8. juni vart administrasjonane i dei fire fylkeskommunane oppfordra til å ta tak i dette og kome med synspunkt og forslag når det gjeld Vestlandsrådet som organ, og kva rådet bør engasjere seg meir eller mindre i. Responseren må kunne seiast å vere mager, og gjenspeglar vel arbeidssituasjonen i fylkeskommunane i ei periode av året som gjerne er meir prega av eigne budsjett- og økonomiplanprosessar enn situasjonen for Vestlandsrådet.

Frå dei politiske innspelane som er kome er det serleg grunn til å merke seg følgjande når det gjeld framtidige saks- og interessefelt for Vestlandsrådet:

- 1 Vestlandsrådet har vore eit nyttig organ for fylkeskommunane og må halde fram som felles samarbeidsorgan
- 2 Sjølv med endringar som følgje av regionreformen (frå 4 fylkeskommunar til 3 regionar) skal rådet halde fram
- 3 Skal Vestlandsrådet bli det effektive organet ein ser for seg må arbeidet og engasjementet i Vestlandsrådet spissast, i den forstand at det må vurderast nøye kva rådet skal engasjere seg i – i nokon grad «back to basis»
- 4 Vestlandsrådet må bli eit organ sentrale styresmakter lyttar til

Om organiseringa av Vestlandsrådet som organ synes dei viktigaste punkta å vere:

- 5 Det blir tre samarbeidspartar, men økonomien i rådet må oppretthaldast på dagens nivå for å kunne arbeide effektivt

- 6 Dei tre partane skal vere likeverdige med omsyn til innflytelse
- 7 Gjeldande styringsdokument for rådet skal gjennomgå/evaluerast
- 8 Rådet skal vere tydeleg i sine budskap og påverke viktige prosessar og saker for Vestlandet

Kommentarar og forslag (frå sekretariatsleiaren i 2018) knytta til overnevnte 8 punkt:

- Ad.1 og 2: Ut frå gitte signal er det å slå fast at Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- Ad. 3: Her er det vel grunn til å legge vekt på kva som spesielt skal prioriterast, utan nødvendigvis å seie noko om at spesielle saksfelt skal kuttast ut – det kan jo kome konkrete saker innan «nedprioriterte» sektorar som Vestlandsrådet likevel ser seg tent med å uttale seg om. Uansett, ut frå politiske signal i 2018, framstår følgjande 3-4 områder som serleg viktige for Vestlandsrådet i åra som kjem:
- Alt som har med samferdsel å gjere; utbygging og drift av fylkesvegar, tunnellar, rassikring, ferjer, ferjekaier, vedlikehald av alt dette og derfor sikring av statlege rammeoverføringar. Vere pådrivar for statlege vegprosjekt (t.d. E39) og statlege fergesamband, m.v.
 - Alt som har med marin forsøpling å gjere; Vestlandet har ei svært utsatt kystline, mange fjordar – fleire med verdsarvstatus – og dette forpliktar: Arbeide for å påverke nasjonalt og internasjonalt lov- og regelverk, engasjere seg i relevante internasjonale organisasjonar, kontakt og møter med sentrale styresmakter for å drøfte utfordringar, ressursbehov og roller på ulike samfunnsnivå. Og ikkje minst: initiere og delta i konkrete tiltak.
 - Alt som har med cruisetrafikk og reiseliv å gjere, og dette gjeld også reiseliv meir generelt, gjennom det vedtatte scenarioprojektet for Vestlandet). Dette prosjektet er under arbeid og vil bli rapportert om seinare. Vestlandsrådet har vedtatt ein eigen cruisestrategi som inneheld mange konkrete tiltak, og rådet plussa på enda fleire tiltak i si behandling (sak 17/2018). Det er også nasjonale føringar og mål på dette området, og det blir viktig at Vestlandsrådet samarbeider aktivt med statlege styresmakter for å redusere skadeverknader knytta til cruisetrafikken, i form av forurensing av fjordar (også verdsarvfjordar), luftforureining i fjordane, problem knytta til cruisehamnene, m.v. Dette inneber også å stille sterkare krav til cruiserederia om utsleppsfrie skip. Det er ingen menneskerett å kome inn i fjordane og forurense desse. For verdsarvfjordane gjeld

det og å hindre at andre tiltak som kan skade verdsarvstatusen blir iverksett (t.d. kraftutbygging, gjengroing, o.l.).

Det er og grunn til å minne om dette:

I møte 25. oktober 2017 behandla Vestlandsrådet i sak 20/17 «Ny stortingsmelding om kultur 2019. Strategi for felles innspel frå Vestlandsrådet». Med 15 mot 5 stemmer (Rogalandsbenken stemte i mot) vedtok Vestlandsrådet følgande i vedtakets punkt 3:

«3 Vestlandsrådet ønskjer generelt at kulturfeltet får ein tydelegare plass på rådet sitt sakskart framover, og ser på sams innspel til den nasjonale kulturmeldinga som ein god inngang for å få fram fleire relevante problemstillingar og saker der det er klåre fellesinteresser i landsdelen».

Det har vore få innspel/saker om kultur i 2018, men dette kan – om Vestlandsrådet vil – ta seg opp i 2019. Vestlandsrådet vil få nærare informasjon om dette i møtet 15. februar 2019.

- Ad. 4: Skal rådet fylle denne ambisjonen må det vere høg fagleg kvalitet på dei sakene rådet fremmar, og det er det i dag. Det tilseier også at arbeidsformene i rådet sine møter kan hende bør dreiest meir i retning av prosessar og politikkkutforming, i tillegg til å ta stilling til det rådet får seg forelagt. Skal dette fungere må råda sine møter innrettast noko annsleis, og kan hende må Arbeidsutvalet få ei meir aktiv rolle enn i dag.
- Ad. 5 og 6: Vestlandsrådet har gjeve uttrykk for at økonomien bør ligge på om lag dagens nivå også i framtida, d.v.s. 2 mill. kr. Vidare at regionane skal vere likeverdige med omsyn til innflytelse. Dette kan tilseie følgande alternative fordelingsmåtar:
- Fordeling på regionane frå 1.1.2020: Rogaland og Møre og Romsdal: ½ mill.kr. kvar, Vestland 1 mill.kr.
 - Fordeling 1/3 på kvar av regionane, dvs.ca. 666000 kr. på kvar

Det vil nok kunne oppfattast som urimeleg om Rogaland og Møre og Romsdal skal få meirutgifter som følgje av etableringa av «Vestland», og alternativ a synes difor å vere nærliggande.

Representasjon i rådet er eit viktig tema. I dag er det fem representantar frå kvar av fylkeskommunane. Når «Vestland» trer i kreft, melder spørsmålet seg: kor mange representantar skal Vestland ha? Blir det 10, kan den eine regionen stemme ned dei to andre, og det synes ikkje å vere rett. Eit kompromiss vil kunne vere 7 eller 8, og rådet bes ta stilling til dette.

- Ad. 7: Det er naturleg at Rogaland fylkeskommune, som skal leie Vestlandsrådet i 2019, dreg i gang ein prosess når det gjeld evaluering og oppdatering av styringsdokumenta.

- Ad. 8: At Vestlandsrådet skal bli eit tydelegare talerøyr vil innebere fleire ting, men kanskje serleg følgande:
- at saksutgreiingar og vedtak blir formulert enda meir i klartekst enn i dag, med poengterte forslag til vedtak, og at det administrative apparatet som jobbar opp mot Vestlandsrådet (fagmiljøa/arbeidsgruppene, m.v.) blir gjennomgått m.o.t. arbeidsformer, koordinering og samspel
 - at Vestlandsrådet blir endå meir offensiv når det gjeld løpande kontakt og samarbeid med statlege styresmakter (Stortinget, departementa, direktorata), lokale stortingsrepresentantar, organisasjonar, m.v

Framlegg til vedtak:

- 1 Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- 2 Vestlandsrådet prioriterer følgande saksområder som serleg viktige for samarbeidet framover:
 - Samferdsel
 - Marin forsøpling
 - Cruise og Reiseliv (Scenarioprojektet)
 - Internasjonale engasjement som underbygger punkta ovanfor
- 3 Årleg budsjett for Vestlandsrådet skal vere minimum 2 mill.kr. fordelt slik:
 - 2019: ½ mill. kr. på kvar fylkeskommune
 - Frå 2020:

Regionen Vestland:	1 mill.kr.
Regionen Rogaland:	½ mill.kr.
Regionen Møre og Romsdal:	½ mill.kr.
- 4 Regionen Vestland blir representert med 7 representantar i Vestlandsrådet frå 1.1.2020.
- 5 Styringsdokumenta for Vestlandsrådet skal gjennomgås i løpet av første halvår 2019. Dette inneber også at administrative ordningar knytta til Vestlandsrådet blir gjennomgått. Rogaland fylkeskommune, som leier Vestlandsrådet i 2019, bes legge opp prosessar for dette, og legge fram sak i junimøtet.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-5/19
Møtedato: 15.02.2019

MARIN FORSØPLING

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	5/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

1. Vestlandsrådet godkjenner Årsrapport og handlingsplan frå prosjektet "Tiltak mot marin forsøpling".
2. Vestlandsrådet løyver 600 000 kroner til vidareføring av stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut 2019.
3. Prosjektleiar får ansvar for å utarbeide ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Saksutgering:

MARIN FORSØPLING

Sakshandsamar: Thorsten Gøtterup, Rogaland

Vedlegg: Årsrapport 2018
 Handlingsplan 2019

Bakgrunn

25. oktober 2017 vedtok Vestlandsrådet at dei ønska å ta ei leiande koordinatorrolle innan marin forsøpling langs vestlandskysten. Vestlandsrådet vil i tillegg medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen nasjonalt for å sikra naudsynte prioriteringar og ressursar til arbeidet, samt medverka til at temaet vert følgd opp i internasjonale fora, som t.d. Nordsjøkommisjonen/CPMR.

I VR-sak 06/18: Tiltak mot marin forsøpling vart innsatsområda strandsonerydding, rydding av sjø- og havbunnen og forebyggjende arbeid peika ut som satsingar som det var ønska å jobbe vidare med. Det vart samtidig sett av 400 000 kroner til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiaren for prosjektet.

Prosjektstruktur

Prosjektet vert leia av prosjektleder Gudrun Kristin Fatland, tilsett i Hordaland fylkeskommune frå 1. november 2018. Prosjektleiaren jobber i lag med ei arbeidsgruppe med ein representant frå administrasjonen i kvar fylkeskommune:

Rolf Årdal, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Thorsten Gøtterup, Rogaland Fylkeskommune
Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal Fylkeskommune
Sveinung Klyve, Hordaland Fylkeskommune

Status for prosjektet

Arbeidsgruppa gjev med dette ei orientering om framdrifta i prosjektet og vegen vidare. Vedlagt ligg Årsrapport for 2018, og forslag til handlingsplan for 2019. Aktiviteten i handlingsplanen legg til grunn at prosjektstillinga knytt til satsinga til Vestlandsrådet på tiltak mot marin forsøpling vert vidareført.

I VR-sak 06/18: *Tiltak mot marin forsøpling* blei det definert fire innsatsområder for det vidare arbeidet til Vestlandsrådet mot marin forsøpling; Strandsonerydding,

Rydding av sjø- og havbunnen, Forebyggende arbeid og Organisering. For kvart innsatsområde blei det satt eit hovudmål og ei rekke delmål. I det følgjande vert det gitt ein kort status for arbeidet innan dei fire innsatsområda, basert på dialogmøte gjennomført i dei fire fylkeskommunane i lag friluftsråd og fylkesmenn.

Satsingsområde – Strandrydding

- Felles møte med alle friluftsråda 04.01.2018 for auka innsats, koordinering og samhandling.
- Styrke rolla til friluftsråda knytt til eigarlaust marint avfall.
- Arbeide for ei utviding av Vestkystparken på heile Vestlandet.

Satsingsområde – Rydding av sjø- og havbotnen

- Fleire friluftsråd har koordinert ryddeaksjoner av sjø og havbotn i samarbeid med frivillige, andre aktører og kommuner. Då hovudsakleg ved hamn og ved kaianlegg.
- Bergen og omland friluftsråd har blant anna gjennomført kartlegging av havbotn i samarbeid med Havforskningsinstituttet for vurdering av mengder og kunnskap om sammenheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding. Konklusjonen er at det i undersøkt område ikkje er ein samanheng. Det ein ser er meir dumping lokasjonar ved bruer, kaier og oppsamling ved elvemunningar som er hovudandel om område som er forsøpla. Typiske dumping lokasjonar, i lag med dei fiskereiskap som har drive og sidan sunke, evt. mista eller dumpa. Kjelde: Foreløpig rapport "Pilot prosjekt bunnundersøkelser Tysnes, Flornes".

Satsingsområde – Forebyggande arbeid

- Det er gjennomført pilotprosjekt knytt til foredrag om marin forsøpling til videregående skule elever i HFK, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd, Norges jeger og fiskerforbund, Norge og dei respektive interkommunale renovasjonsselskapa i dei ulike områdene.

Vestlandsrådets arbeidsutvalg gjennomførte i januar 2019 et møte med Klima- og miljødepartementet etter vedtak i VR-sak 06/18. I møtet vart det løfta frem mulighet for at Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling kunne bli eit nasjonalt pilotprosjekt. Samtidig vart det påpeika behov for å samarbeide med fylkesmannen med tanke på ønska roller.

I fylkesmennenes styringsdokument for 2019 er fylkesmannen si rolle innan marin forsøpling beskrevet som følger:

Arbeidet med å redusere marin forsøpling skal prioriteres høyt i 2019. Fylkesmannen har ansvar for å koordinere det regionale samarbeidet, og sørge for at avfallsplaner i fylkets havner er godkjente. Opprydding i forurenset sjøbunn på prioriterte skipsverft, i tiltaksplaner og på steder med forurenset grunn, fortsetter i henhold til nasjonal handlingsplan for opprydding i forurenset sjøbunn og fremdriftsplan for opprydding av forurenset sjøbunn ved prioriterte skipsverft.

Vidare handlingsplan for 2019

Satsingsområde – Strandrydding

- Felles møte våren 2019 i samarbeid med Fylkesmennene på Vestlandet. Målgruppe for møte er friluftsråda, forskera, hamnevesen, interkommunalt utvalg for akutt forurensing (IUA) og andre aktørar.
- Styrke rolla til friluftsråda og Skjærgårdstjenesten knytt til eigarlaust marint avfall.
- Arbeide for ei utviding av Vestkystparken for heile Vestlandet, i samråd med Vestkystparken.
- Støtte opp under arbeid for ein Skjærgårdstjeneste i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for oppretthalding og auka koordinering med andre interkommunale ressursar og aktørar med båtar og utstyr som er eigne til opprydding og innsamling av eigarlaust marint avfall.
- Støtte opp under nasjonale, evt. internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, UIB, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentar der det vert lagt vekt på å ta i bruk ny teknologi som t.d. autonom plastkartlegging både over og under vatn.
- Legge til rette for frivillig-, og semiprofesjonelt oppryddingsarbeid.
- Kartlegge utstyr og ressursar på heile Vestlandet i samråd med IUA, og senter for oljevern og marint miljø (SOMM).
- Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø som har det nasjonale ansvaret.
- Satsingsområde – Rydding av sjø- og havbunnen
- Bidra til kartleggingsprosjekt i samarbeid med forskningsinstitusjonar og friluftsråda.
- Kartleggje tidlegare lovlege deponi, og leggje til rette for riktig og berekraftig opprydding i samarbeid med forskningsinstitusjonar, hamnevesen og Fylkesmannen.
- Leggje til rette for profesjonelt oppryddingsarbeid der det er hensiktsmessig i forhold til tilkomst og utfordrande grad av oppryddings arbeidet.
- Støtte opp under nasjonale, evt. internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentar. Der det vert teke i bruk ny teknologi som til dømes autonom programvare.
- Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø, som skal ha den nasjonale oversikten knytt til marin forsøpling.
- Samarbeide om fleire kartleggingslokasjonar av havbotn i samarbeid med HI og Norce, for vurdering av mengder, tilrettelegging for berekraftig og riktig forvaltning av havbunn. Samt kunnskap om sammenheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding.
- Satsingsområde – Forebyggende arbeid
- Etablere og implementere eigen plaststrategi internt for fylkeskommunane på Vestlandet.
- Auke intern samhandling i eigen organisasjon.
- Legge til rette for forskning på plast for auka kunnskap og metodeutvikling.
- Legge til rette for auka undervisingstiltak knytt til marin forsøpling.

- Vurdere moglegheita for å finansiere ein undervisningsfilm som kan distribuserast til skular i heile landet.
- Legge til rette for internasjonalt samarbeid og prosjekt.

Framlegg til vedtak:

1. Vestlandsrådet godkjenner Årsrapport og handlingsplan frå prosjektet "Tiltak mot marin forsøpling".
2. Vestlandsrådet løyver 600 000 kroner til vidareføring av stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut 2019.
3. Prosjektleiar får ansvar for å utarbeide ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Håkon Schwalb
kst. fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-6/19
Møtedato: 15.02.2019

STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	6/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

- Vestlandsrådet vedtek hydrogenstrategien for 2019-2020
- Vestlandsrådet løyver 400 000 NOK til arbeidet i 2019, og tilrår at fylkeskommunane løyver 100 000 NOK kvar frå egne budsjett
- Arbeidsgruppa kjem tilbake med ein framdriftsrapport og framlegg til ny løyving for 2020

Saksutgreiing:

STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET

Sakshandsamar: Tore Solheimslid, Hordaland

Vedlegg: Hydrogen region Vestlandet – Strategi og handlingsprogram 2019/2020

Bakgrunn

I 2016 tok fylkeskommunane på Vestlandet initiativ til eit fagleg samarbeid knytt til hydrogen som energiberar, eit område der regionen kan oppnå ein leiande posisjon ved å utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. DNV (Det Norske Veritas) vart engasjert til å gjennomføre ein analyse av mulegheitene for produksjon, bruk og verdiskaping knytt til hydrogen på Vestlandet, inkludert behovet for infrastruktur.

Studien konkluderte med at dei fire fylka på Vestlandet har kompetanse, aktørar og energitilgang som gjev mulegheiter for ei tydeleg rolle i ein framtidig hydrogenøkonomi. Særleg gjeld dette innanfor hydrogenproduksjon og bruksområde som industri, maritim transport, havbruk og stasjonære hydrogen-til-straum-anlegg til bruk på stadar med manglande eller ingen tilgang til straumnett.

Dei viktigaste funna og konklusjonane frå denne mulegheitsstudien vart lagt fram for Vestlandsrådet, og i handsaminga av budsjettet for 2017 vart det vedteke at der skulle setjast av midlar til arbeid med ein hydrogenstrategi for Vestlandet (sak 05/17).

Hydrogen på Vestlandet: framlegg til strategi for 2019-2020

I strategiprosessen har dei fire fylka sett av personalressursar til arbeidet, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt prosjektleiinga. Det er gjennomført fleire arbeidsmøte og samlingar, der det har kome innspel til prosessen frå interessentar i næringslivet, forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og andre offentlege aktørar.

Arbeidsgruppa har definert eit framlegg til overordna mål for hydrogensamarbeidet fram mot 2020:

Vestlandet skal vere ein leiande region, eit levande laboratorium, i utvikling og bruk av hydrogen som energiberar.

Gjennom dette arbeidet skal vi bidra til reduserte utslepp av klimagassar, styrke det regionale næringslivet si grønne konkurransekraft og vere fremst i omstillinga til eit nullutsleppsamfunn.

For å nå ei slik målsetjing er det naudsynt å gjere nokre strategiske prioriteringar. Som regionale utviklingsaktørar kan fylkeskommunane ta ei pådrivarrolle innanfor følgjande område:

- Utbygging av infrastruktur
- Offentlege innkjøp som drivar
- Kompetanseheving i regionen
- Nettverksarbeid nasjonalt og internasjonalt

Kvar prioritering er omtalt i kapittel 5 i strategidokumentet. Vidare i kapittel 6 inneheld dokumentet eit framlegg til handlingsprogram for 2019-2020. Arbeidsgruppa tilrår at det vert oppretta ei 50% koordinatorstilling som kan administrere arbeidet og gjennomføre fleire av fellestiltaka som er planlagt.

Budsjett og finansiering

Framlegget til budsjett gjeld for 2019. Det vert føresett ny og tilsvarande løyving for arbeidet i 2020. Eksterne kostnadar kan vere innleige av konsulentbistand, møtekostnadar, reiser og liknande.

Tiltak	Budsjett 2019
Prosjektleder, koordinatorstilling 50%	400 000
Eksterne kostnadar knytt til gjennomføring av handlingsprogram	400 000
Totalt	800 000

Finansieringsstad	Beløp 2019
Koordinatorstilling: Vestlandsrådets eige budsjett	400 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	100 000
Hordaland fylkeskommune	100 000
Rogaland fylkeskommune	100 000
Totalt	800 000

Forslag til vedtak:

- Vestlandsrådet vedtek hydrogenstrategien for 2019-2020
- Vestlandsrådet løyver 400 000 NOK til arbeidet i 2019, og tilrår at fylkeskommunane løyver 100 000 NOK kvar frå eigne budsjett
- Arbeidsgruppa kjem tilbake med ein framdriftsrapport og framlegg til ny løyving for 2020

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-7/19
Møtedato: 15.02.2019

RAPPORT FRÅ INTERNASJONALT ARBEID

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	7/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.

Saksutgreiing:

RAPPORT FRÅ INTERNASJONALT ARBEID

Sakshandsamar: Geir Sør-Reime, Rogaland

1 Bakgrunn

Bakgrunnen for denne orienteringa er bestilling frå fylkeskontaktane i Vestlandsrådet frå oktober 2018 om å gi ei samla oversikt over internasjonalt arbeid/EU-relaterte saker som Vestlandsrådet og arbeidsgruppene arbeider med, og kven som arbeider med kva.

Internasjonal gruppe vil derfor gi ei kort oversikt over korleis fylka i Vestlandsrådet samarbeider og kvar vi har felles representasjon i viktige organisasjonar og forum gjennom Vestlandsrådet, og gi ei oversikt over arbeidet som blir gjort i internasjonal gruppe.

2 Internasjonalt arbeid i Vestlandsrådet si plattform

I den gjeldande plattformen for Vestlandsrådet står følgjande om internasjonalt arbeid: «5. INTERNASJONALT ARBEID (INTERNASJONALISERING)

Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement.

Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020». Vestlandsrådet held også fram sitt engasjement i Europapolitisk forum.»

3 Oversikt over internasjonalt arbeid og samarbeid gjennom Vestlandsrådet

Internasjonal gruppe arbeider først og fremst med internasjonalt arbeid i ein europeisk kontekst. Dette er naturleg ut frå dei felles utfordringane vi har med regionane rundt Nordsjøen og med andre europeiske land, og at fylkeskommunane og aktørane i våre fylke kan bidra til å finne løysingar på desse utfordringane gjennom EU-/EØS-program og finansieringsordningar.

Dette inneber ikkje at Vestlandsrådet og internasjonal gruppe ikkje har merksemd mot anna internasjonalt arbeid der det er føremålstenleg. Mellom anna har Vestlandsrådet i fleire saker behandla tilhøvet til Kina.

Samordning inn mot internasjonale organisasjonar

- Nordsjøkommisjonen og CPMR
Alle dei vestnorske fylkeskommunane er medlemmer av Nordsjøkommisjonen og moderorganisasjonen, CPMR.

Dei vestnorske fylka samordnar engasjementet i desse organisasjonane gjennom Vestlandsrådet slik at Vestlandet skal kunne ha større tyngde i høve resten av Europa. Ikkje minst er det viktig å arbeide saman om saker knytt til dei store felles utfordringane i Nordsjøområdet. Eit eksempel på ei slik samordning er Vestlandsrådet sitt felles innspel om marin forsøpling til CPMR si slutterklæring på årsmøtet i 2017.

Fylkesvaraordførar i Rogaland, Marianne Chesak er norsk styremedlem i Nordsjøkommisjonen og er også møtande vararepresentant til styret i CPMR. Norsk styremedlem i CPMR er Gunn Marit Helgesen. Styremedlemene blir valde av dei norske medlemene av Nordsjøkommisjonen og CPMR.

I samband med årsmøta i Nordsjøkommisjonen og i CPMR, er det norske delegatmøte. Framover vil det også bli halde egne delegatmøte for vestlandsfylka, dette vart gjort fyrste gong på CPMRs generalforsamling 2018.

Task Forces/arbeidsgrupper

Nordsjøkommisjonen har sett ned ulike arbeidsgrupper, eller Task Forces, på særleg viktige område for regionen. I arbeidsgruppa for Brexit har Vestlandsrådet bede fylkesvaraordførar Marianne Chesak om å representere Vestlandsrådet.

Tematiske arbeidsgrupper

Vestlandsfylka er godt representert i Nordsjøkommisjonen sine fire tematiske arbeidsgrupper på områda marine ressursar, transport, smarte regionar, og klima og energi. Dei politiske representantane i gruppene er utnemnde av sine respektive fylkeskommunar. Det er ulik grad av deltaking frå dei fire fylka.

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes frå Sogn og Fjordane er ein av to nestleiarar i arbeidsgruppa for marine ressursar. Internasjonal koordinator Geir Sør-Reime i Rogaland fylkeskommune er vald av styret i Nordsjøkommisjonen som rådgjevar i arbeidsgruppa for smarte regionar.

Internasjonal gruppe gir rapportar frå gruppene til Vestlandsrådet.

4 Felles representasjon i viktige forum for internasjonalt samarbeid

- Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)

NORA er eit program under Nordisk Ministerråd for norske kystfylke, Færøyene, Island og Grønland.

Frå norsk side blir styre- og arbeidsgruppemedlemmar valde av Vestlandsrådet og Nordnorsk råd.

Vestlandsrådet har lagt ansvaret for oppfølginga av NORA til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og fagkoordinator Lena Søderholm representerer Vestlandsrådet i komiteen.

- **Europapolitisk forum (EPF)**

EPF er det viktigaste organet for samhandling i europapolitiske saker mellom regjeringa og kommunesektoren. I forumet blir aktuelle tema knytt til Noregs tilhøve til EU og EØS-avtalen diskutert. Forumet blir koordinert av Utanriksdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og dei ulike fagdepartementa deltek når relevante saker blir diskutert.

I dag er fylkeskommunane representert i EPF gjennom landsdelsutvala. Vestlandsrådet er i denne fylkestingsperioden representert ved fylkesordførar Jon Aasen frå Møre og Romsdal, med fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes frå Sogn og Fjordane som vara. I samband med regionreforma er det sagt at alle dei nye regionane skal vere representert i EPF.

Møtene i EPF blir førebudd av eit administrativt kontaktutval. Rogaland fylkeskommune, ved internasjonal koordinator Geir Sør-Reime, har det administrative ansvaret for Vestlandsrådet sitt arbeid opp mot EPF.

- **Interreg-programmet for Nordsjøen**
Vestlandsrådet har også ei rolle i Nordsjøprogrammet.

Det øvste organet for Nordsjøprogrammet, Overvakingskomiteen (Monitoring Committee), har tre administrativt oppnemnde medlemmar frå kvart land som deltek i programmet. For Noreg er det to representantar frå KMD, og ein representant frå Vestlandsrådet. For Vestlandsrådet sitt seksjonsleiar Kathrin Jakobsen frå Hordaland fylkeskommune i Overvakingskomiteen, med ass. regionalplansjef Eli Viten i Rogaland fylkeskommune som vara.

Hordaland er nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet, ved internasjonal seniorrådgivar Kate Clarke.

Vedtak om tildeling av prosjektmidlar blir tatt av styringskomiteen, der KMD har ein representant og Vestlandsrådet og Østlandsamarbeidet éin kvar. For Vestlandsrådet sitt internasjonal seniorrådgivar Kate Clarke frå Hordaland fylkeskommune/nasjonalt kontaktpunkt som fast representant, med internasjonal rådgivar Cecilia Lillthors frå Møre og Romsdal fylkeskommune som vara.

5 Saker frå internasjonal gruppe

Internasjonal gruppe har arbeidd med og lagt fram 13 saker i 2018:

- o VR-sak 07/18: Rapportering handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2017
- o VR-sak 08/18: Nordsjøkommisjonen – Etablering av permanent sekretariat på Vestlandet
- o VR-sak 09/18: Handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen 2018
- o Rapport om Brexit til møte 15 februar 2018
- o Rapport frå faste utval- internasjonalt arbeid til møte 15 februar 2018
- o VR-sak 14/18: Tilpassing til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring
- o VR-sak 16/18: Status for Interreg-programma
- o VR-sak 22/18: Innspel til Nordatlantisk utviklingsstrategi (NAUST)
- o VR-sak 23/18 Rapport frå faste utval- internasjonalt arbeid
- o VR-sak 24/2018: Rapport frå Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe for Brexit «Brexit Impact in the North Sea Region
- o VR-sak 34/18: Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet- ei oversikt over eksport frå Vestlandet til Storbritannia
- o VR-sak 35/18: Orientering om NORA
- o VR-sak 36/18: Rapport frå faste utval- internasjonalt arbeid
I fleire av desse sakene har Vestlandsrådet følgd opp med brev til aktuelle fagdepartementet. Sakene om Brexit og Interreg Nordsjøprogrammet vil også bli følgd opp vidare neste år.

6 Arbeidsform i internasjonal gruppe

Arbeidsgruppa for internasjonalt arbeid er ansvarleg for å legge fram relevante og viktige internasjonale saker for Vestlandsrådet. Gruppa har ei viktig rolle som sentral møteplass for å få opp og presentera aktuelle problemstillingar knytt til internasjonalt arbeid på Vestlandet, og til å samordna arbeidet til dei fire fylka inn mot organisasjonane der vi alle deltek og i forum der vi har felles representasjon. Internasjonal gruppe skal også sjå til at det blir svart på førespurnader, høyringar og liknande som kjem til Vestlandsrådet gjennom året. Eit døme på dette er høyringa frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om Nordatlantisk utviklingsstrategi (NAUST).

Gruppa har god nytte av å jobba på tvers av fylkesgrensane, fordi vi på denne måten står sterkare saman og vi dreg nytte av kvarandre sine erfaringar og kunnskaper. Internasjonal gruppe har ein godt etablert arbeidsform og møtes tre gonger i året. Internasjonal koordinator i det aktuelle vertskapsfylket er ansvarleg for arbeidet i gruppa, som å kalle inn til møte, skriva referat, koordinera og skriva saksframlegg o.l.

Alle i internasjonal gruppe bidreg til saksframlegga. For saker der det er naturleg ut frå verv det enkelte fylket har, er det ein som er hovudansvarleg. Døme på dette er at Hordaland som nasjonalt kontaktpunkt tek hovudansvaret for Interreg Nordsjøprogrammet, og at Rogaland tek hovudansvaret for Brexit på bakgrunn av fylkesvaraordføraren sitt verv i Nordsjøkommisjonen si arbeidsgruppe. Gruppa er hovudsakleg sett saman av dei internasjonale koordinatorane i dei fire fylka.

Pr i dag sitt desse i gruppa:

Rogaland: Geir Sør-Reime
Hordaland: Kate Clarke
Sogn og Fjordane: Kristin Rundsveen
Møre og Romsdal: Birgit Aarønæs

Aktuelle rapportar:

Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe for ny Nordsjøstrategi frå 2021

Arbeidsgruppa er ei administrativ gruppe som utarbeider utkast til problemstillingar og tekstar til Nordsjøkommisjonens styre (Executive Committee). Arbeidsgruppa består av Nordsjøkommisjonens sekretariat (Sverige), dei fire rådgjevarane for dei tematiske gruppene (som representerer Noreg og Nederland), i tillegg til representantar frå Danmark, Tyskland, Belgia og Storbritannia. Arbeidsgruppa hadde 2 møte i 2018, begge i Brussel, hhv.21.september og 29.november.

Styret i Nordsjøkommisjonen handsama utkast til prioriterte område allereie 11.januar. I forkant av dette møtet var det eit telefonmøte for dei norske medlemene av Nordsjøkommisjonen 4.januar. Her deltok folkevalde frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, samstundes som Rogaland også hadde administrativ deltaking. Referat frå dette møtet er sendt ut til medlemsfylka. Viktige innspel var at FN sine berekraftsmål må få ein sentral rolle i strategien, og at dei administrative medlemene i dei tematiske gruppene må få/ta ei meir aktiv rolle i gjennomføring av oppgåvene.

Styret i Nordsjøkommisjonen handsama saka på sitt møte i Groningen 11.januar. Det kom ingen eintydige signal i dette møtet, men dei fleste uttrykte støtte til meir eller mindre dei same prioriterte område som gjeldande strategi omfattar. Diskusjonen om

dei tematiske gruppene sine oppgåver og arbeidsform blir fylgde opp i det vidare arbeidet.

Nordsjøkommisjonens styre (Executive Committee)

Som nemnt ovanfor, møttest styret i Nordsjøkommisjonen i Groningen 11.januar. Hovudsak var den innleiande drøftinga av prioriteringar i den nye Nordsjøstrategien 2021-27. Neste styremøte er 5.april i Southend-on-Sea.

Fylkesvaraordførar Marianne Chesak deltok som norsk styremedlem, i tillegg deltok fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes på vegner av gruppa for marine ressursar.

Europapolitisk Forum

Europapolitisk Forum hadde møte i Oslo 15.november 2018. Fylkesordførar Jon Aasen deltok som Vestlandsrådets representant, støtta av Birgit Aarønæs frå Møre og Romsdal og Geir Sør-Reime frå Rogaland. Ungdommens fylkesordførar i Rogaland, Sander Olsen deltok også som observatør.

Hovudsakene som blei diskutert var ungdomsmedverknad og norsk deltaking i EU-program etter 2020.

Timo Nikolaysen frå Buskerud, som nett slutta som ungdomsrepresentant i styret til BSSSC (Baltic Sea States Sub-regional Co-operation) og som leiar for ungdommens fylkesting i Buskerud, og Gloria Vitaly, present i den det europeiske ungdomsnettverket Youth Regional Forum (knytt til AER – Assembly of European Regions), innleia saka. I debatten etterpå kom det fram ynskje om ungdomsmedverknad også i Europapolitisk Forum, og kontaktgruppa fekk i oppgåve å greia ut korleis dette kan gjennomførast.

Saka om norsk deltaking i EU-program etter 2020 var godt opplyst i saksframlegga og det var brei oppslutnad om fortsett norsk deltaking i dei fleste programma, utfordringa blir korleis dette skal finansierast.

Særleg programma Interreg (regional samarbeid), Erasmus (utdanning og opplæring), Horisont Europa (forskning), Kreativt Europa (kultur og media), LIFE (miljø) og Rights & Values (demokrati) blei lyfta fram som interessante for norske kommunar og fylkeskommunar.

Neste møte i Europapolitisk Forum blir 13.-14.mai på Hamar, og med ungdomsmedverknad og det grønne skiftet som hovedtema.

Nordsjøkommisjonen – smarte regionar gruppa

Denne gruppa møttest i Sandnes 1.-2. november 2018. Frå Vestlandsfylka deltok Hans Inge Gloppen frå Hordaland, og Geir Sør-Reime, Eli Viten og Live Hegelstad frå Rogaland.

Hovudtema var aldrande befolkning, i tillegg blei tema som ny strategi for Nordsjøkommisjonen, blå vekst, ungdomsmedverknad og den planlagde ungdomskonferansen 21.-22. mars, sirkulær økonomi (handsaming av bygg- og entreprenøravfall) og reiseliv presentert og diskutert.

Neste møte i gruppa er i Helsingfors 9.april. Hovudtema her er Helsingfors som europeisk hovudstad for smart reiseliv 2019.

Nordsjøkommisjonen – transportgruppa

Denne gruppa hadde møte 22.-23. oktober 2018 i Kiel. Frå Vestland fylke deltok Jack Narve Sæther, Kai Bedringås og Benedicte Bjerkvik frå Møre og Romsdal, og Kjartan Alexander Lunde frå Rogaland.

Det blei informert om aktuelle transportsaker i medlemsregionane, i tillegg var det rapportar frå dei ulike saksfeltene ved ansvarleg region: rein transport og rein sjøtransport. Møtet diskuterte også dei europeiske transportkorridorane og EU-kommisjonens framlegg til regelverk for Connecting Europe Facility (fondet for utvikling av infrastruktur i EU).

Neste møte i gruppa er 27.februar i Brussel.

Nordsjøkommisjonen – sams møte for Energi og klima og Marine Ressursar gruppene, Peterhead (Aberdeenshire), 2.-4.oktober 2018

Desse to gruppene hadde eit sams møte i oktober, i tillegg hadde dei to gruppene også separate møte. På møtet i Energi- og klimagruppa deltok Geir Kjell Andersland og Karen Nybø frå Hordaland, medan Trine Danielsen frå Rogaland, Erik Kursetjerde og Lisbeth Nervik frå Møre og Romsdal, Lena Søderholm frå Sogn og Fjordane og Inge Døskeland frå Hordaland deltok på møtet i Marine ressursargruppa.

Energi- og klimagruppa diskuterte energiskifte, fornybar energi og klimatilpassing etter presentasjonar frå Aberdeenshire, Highland og organisasjonen Pale Blue Dot. Gruppa diskuterte også korleis hydrogen kan få like vilkår innan transport, og også korleis vindenergi kan lagrast som hydrogen (i staden for i batteri).

Neste møte i gruppa blir 27.-28. februar i Brussel, til dels som eit fellesmøte med transportgruppa.

Marine ressursargruppa diskuterte marin forureining og konsekvensar for fiskerisektoren av Brexit.

Sist møte i denne gruppa var 9.-10. januar 2019 i Groningen.

Nordsjøkommisjonens Brexit task force – sjå eigen sak om dette

1. Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet

Siste nytt om Interreg Nordsjøprogrammet

Nordsjøprogrammet dekkjer 49 regionar i 7 land med cirka 60 millionar innbyggjarar. Heile Noreg kan søkje om å delta i eit prosjektsamarbeid. Programmet har no 60 godkjente prosjekt med tildelte midlar innanfor følgjande tema: innovasjon og kapasitetsbygging; øko-innovasjon; klima og natur; berekraftig transport. Stønadsnivået i programmet er på 50 prosent.

15 søknadar kom inn etter den 7. utlysinga i Nordsjøprogrammet. Styringskomiteen tildelte prosjektmidlar på eit møte i Lübeck i midten av desember. På det tidspunktet hadde Noreg € 2 114 999 igjen til prosjektdeltaking. 12 nye prosjekt blei godkjent, 7 av desse har norske partnerar. Ingen prosjekt har norsk prosjektleiing. Etter 7 utlysingar har programmet 60 godkjente prosjekt. I tillegg søkte 4 prosjekt om utvida prosjekttid med midlar. Bergen kommune søkte om utviding av deltakinga i Share-North i 3 nye år, og blei tildelt € 258 750.

Den 8. utlysinga var open for fase 1-søknadar (Expression of Interest). 10 slike fase 1-prosjekt blei godkjente. Universitet i Stavanger og CIAM Stavanger er partnerar i eit prosjekt som etter dette kan levere full søknad i mars 2019. Prosjektet heiter COM³ (Building COMpetences for COMpetitive COMpanies).

Dei nye godkjente prosjekta med partnerar frå Vestlandet er Ålesund kunnskapspark AS i prosjektet «Ocean Energy Scale-up Alliance» (OESA), som fekk tildelt € 73 838, og Bergen kommune i prosjektet Automated Road Transport Forum for the North Sea Region (ART-Forum), som fekk tildelt € 207 500.

Noreg har no allokert alle tilgjengelege midlar i Nordsjøprogrammet. Dei som søker under den 9. utlysinga kjem til å få søknaden dekkja dersom prosjektet blir godkjent, men det er lite sannsynleg at det er norske midlar igjen til den aller siste runden til hausten.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.

Håkon Scwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-8/19
Møtedato: 15.02.2019

HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDET SITT ARBEID I NORDSJØKOMMISJONEN

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	8/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet godkjenner handlingsplanen for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2019 slik den er lagt fram.

Saksutgreiing:

HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDET SITT ARBEID I NORDSJØKOMMISJONEN 2019

Sakshandsamar: Geir Sør-Reime, Rogaland

Bakgrunn:

Vestlandsrådet ba i sak 24/16 Evaluering av Vestland fylkas innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen om at det vert lagt fram ein årleg handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen.

Om arbeidet i Nordsjøkommisjonen

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet «North Sea Region 2020». Strategidokumentet gir argumentasjon for behovet for meir strategisk samarbeid i Nordsjøbassenget ved å definere felles utfordringar, moglegheiter og prioriterte område for samarbeid. Dei prioriterte områda er; berekraftige lokalsamfunn, klima og miljø, forvaltning av sjøareala og transport. I 2021 blir denne strategien erstatta av eit nytt strategidokument (sjå nedanfor).

Strategien vert i stor grad operasjonalisert gjennom arbeidet i dei tematiske arbeidsgruppene marine ressursar, transport, smarte regionar og energi og klima. Fleire fagfelt og tema som desse gruppene arbeider med er også aktuelle for Vestlandsrådet.

Vestland fylka har ulik representasjon i dei tematiske gruppene. Sekretariatet i Vestlandsrådet og dei internasjonale kontaktane i vestland fylka kan, i samarbeid med representantar i dei tematiske gruppene, plukke opp aktuelle saker og spele desse inn til Vestlandsrådet når dette er relevant.

I tillegg er det ei rekkje overordna tema der medlemsregionane har moglegheit til å påverke om dei har ei strategisk tilnærming. Handlingsplanen under identifiserer nokre slike overordna tema der Vestlandsrådet kan delta og påverke utviklinga.

Handlingsplan for Vestlandsrådet sitt strategiske arbeid i Nordsjøkommisjonen 2019

Følgjande handlingsplan vert foreslått for 2019:

1. Bidra til utvikling av nytt strategidokument for Nordsjøkommisjonen

Nordsjøkommisjonen har sett i verk eit omfattande arbeid med ein ny strategi for samarbeidet mellom regionane rundt Nordsjøen for perioden 2021-27. Våren 2019 arbeider ein med val av prioriterte område for samarbeidet, og generalforsamlinga juni 2019 skal vedta desse, etter innspel frå m.a. medlemsregionane, dei tematiske gruppene og aktuelle samarbeidspartar og interessentar elles.

Hausten 2019 og våren 2020 utarbeider ein så det endelege strategidokumentet, som blir vedteke på generalforsamlinga 2020.

Det er viktig at Vestlandsrådet sine medlemsfylke deltek i diskusjonane om strategien, då spesielt i telefonmøte i forkant av styremøte og på delegatmøtet under Nordsjøkommisjonens årsmøte.

2. Utarbeide sams innspel til CPMR si slutterklæring på generalforsamlinga hausten 2019

På generalforsamlinga til CPMR kvar haust vert det utarbeidd ei slutterklæring som viser den ønska retninga for arbeidet i CPMR det kommande året. Dokumentet er også eit viktig lobbydokument som vert sendt direkte til dei europeiske institusjonane.

Nordsjøkommisjonen organiserer felles innspel frå medlemsregionane. Sakene som utgjør slutterklæringa vert handsama på styremøta (Political Bureau) gjennom året. Vestlandsrådet er representert ved den norske medlemen Marianne Chesak og administrativ støtte til henne. På sjølve generalforsamlinga har alle medlemsregionar møte- og talerett.

Temaet for innspelet vil avhenge av kva viktige internasjonale saker som kjem opp framover med relevans for Vestlandet.

3. Felles posisjon om Brexit

Brexit er ei viktig sak med vesentlege konsekvensar for rammevilkåra rundt Nordsjøen. I 2019 vil fokus truleg vera korleis samhandlinga mellom statane rundt Nordsjøen skal vera etter at Storbritannia har gått ut av EU, truleg 29.mars.

Kor mykje partane klarer å bli samde om før dette, vil avgjera kor utfordrande tida etterpå vil bli, men Vestlandsrådet må vera budd på alle eventualitetar.

Vestlandsrådet kan vinna mykje på å opptre samla overfor t.d. sentrale styremakter for å trygga arbeidsplassar og framtida til mange lokalsamfunn.

Vestlandsrådets sekretariat, Marianne Chesak som Vestlandsrådets medlem i Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe om Brexit, og Vestlandsrådet si internasjonale gruppe vil fylgja tett utviklinga rundt Brexit.

4. Utarbeiding av sams posisjonar om norsk deltaking i Interreg og prioriteringar i programma etter 2020

I 2018 har det vore mykje diskusjon om dei framtidige Interreg-programma for perioden 2021-27, men det synest no som det er semje mellom medlemsstatane om å oppretthalda Interreg om lag som i inneverande periode.

Det som framleis er ope, er geografien for programma etter 2020, og t.d. framtida til Nordsjøprogrammet, som er hovudprogrammet for aktørar i Vest-Noreg. Det er heller ikkje avgjort om Noreg blir med i eit slikt program.

Allereie no startar arbeidet med å førebu eit nytt Nordsjøprogram, og det er viktig at vestlandsfylka nyttar dei kanalane ein har til å sikra prioriteringar i programmet som sikrar interessene til dei relevante aktørarane i Vest-Noreg.

Nytt i Interreg frå 2021 blir truleg ein ny 5.komponent knytt til smart spesialisering strategiar. Det vil vera svært viktig at også norske regionar kan delta i dette arbeidet, og Vestlandsrådet må arbeida for at Noreg blir med også i denne komponenten, som kan gje dei norske regionane tilgang til nye arbeidsmetodar og nye partnerskap i det framtidige regionale utviklingsarbeidet.

Det er også viktig at Vestlandsrådet er budd på å gje reaksjonar på den utreiinga om framtidig norsk deltaking i Interreg-programma som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bestilt, og dei konklusjonane departementet vil trekka av denne.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner handlingsplanen for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2019 slik den er lagt fram.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-9/19
Møtedato: 15.02.2019

MOGLEGE KONSEKVENSAER FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	9/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet tek saka til orientering og bed sekretariatet om å følgja situasjonen tett.

Saksutgreiing:

MOGLEGE KONSEKVEN SAR FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"

Sakshandsamar: Geir Sør-Reime, Rogaland

Vedlegg (i eitt dokument):

1. Brev frå Vestlandsrådet til næringsministeren 20.11.2018
 2. Svar frå næringsministeren (udatert)
 3. Faksimile av artikkel i Stavanger Aftenblad 08.12.2018
 4. Innlegg i Stavanger Aftenblad av Marianne Chesak 11.12.2018
 5. Utdrag av spørsmål/svar frå regjeringa om 'hard Brexit'
 6. Utdrag frå The Guardian 16.januar 2019:
-

Vestlandsrådet fekk ei orientering om moglege konsekvensar for næringslivet i Vest-Noreg om det blir ein såkalla 'hard Brexit' på sitt møte 1.november 2018.

Hovudfunna i rapporten blei oversend næringsministeren, som også har svara på brevet (sjå vedlegg 1 og 2).

I forkant av den varsla røystinga i det britiske Underhuset om Brexit-avtalen før jul, hadde Stavanger Aftenblad ein presentasjon av funna i Brexit-saka der både Marianne Chesak, som deltek i Nordsjøkommisjonen si Brexit-arbeidsgruppe og direktøren for NHO Rogaland blei intervjuet (vedlegg 3) Marianne Chesak hadde også eit lesarbrief i same avis om saka (vedlegg 4).

Status Brexit

Som kjent blei det ikkje noko avrøysting om Brexit-avtalen før jul. Røystinga 15. januar førte til eit rungande nei til den framforhandla avtalen.

Pr. 22.januar er det framleis særskilt uklårt kva som vil henda, men det er berre litt over to månader att til Storbritannia etter planen går ut av EU, og tida for å få til ein avtale er knapp.

Det er hektisk arbeid i gong både i Storbritannia og i EU og EØS-landa for i alle høve få på plass mellombels avtalar og lovendingar som kan minske dei negative konsekvensane av ei 'no deal' Brexit.

Vidare oppfølging frå Vestlandsrådet si side

Om det ikkje blir semje mellom EU og Storbritannia innan 29.mars, er det likevel fare for alvorlege konsekvensar, med nærast kaos og store utfordringar for næringsliv, reiseliv og t.d. norske statsborgarar som er busette i Storbritannia og britiske statsborgarar busett i Noreg.

Vestlandsrådet bør vera budd på at 'hard Brexit' kan bli ein realitet, og førebu møter med statsministeren og aktuelle statsrådar om korleis regjeringa kan bidra til å avgrensa skadeverknadene av dette, t.d. med strakstiltak, omstillingsmidlar osb.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering og bed sekretariatet om å følgja situasjonen tett.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-10/19
Møtedato: 15.02.2019

TRAVEL LIKE THE LOCALS - STATUSRAPPORT

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	10/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Saka vert teke til orientering.

Saksutgreiing:

TRAVEL LIKE THE LOCALS - STATUSRAPPORT

Sakshandsamar. Marit Holen, Møre og Romsdal

Fylkespolitikarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har vedteke at dei ønsker at det skal kome på plass ei «Travel like the locals»-løysing i desse tre fylka etter mønster frå Møre og Romsdal.

I desember blei det einigheit om at Marit Holen frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal vere prosjektleiar for dette prosjektet. Marit Holen er den som drifrar Travel like the locals-tilbodet i Møre og Romsdal på dagleg basis. Marit er leigd inn i 70 % stilling fram til sommaren, og får hjelp av Oddmund Sylta som bidreg inn i prosjektet som medprosjektleiar.

Oppstartsmøte for prosjektet blei halde 18. desember 2018 i form av ein videokonferanse der representantar for dei tre fylkeskommunane samt Kolumbus deltok. På dette møtet blei produktskildringa for prosjektet og status for forankringa i dei tre fylka gjennomgått og diskutert.

I januar (11.01.2019) hadde vi prosjektworkshop i Bergen. Her var det deltakarar frå dei tre fylkeskommunane, Skyss, Kolumbus og NCE Tourism. Deltakarane diskuterte forlaget til prosjektplan som Marit la fram og tok opp dei viktigaste avklaringspunkta for prosjektet. Denne prosjektgruppa vil fungere som styringsgruppe for prosjektet.

Innan 6. februar skal det haldast møte med alle destinasjonsselskapa i dei tre fylka for å diskutere praktiske løysingar for produkteigarskap og starte arbeidet med å definere kva turar vi skal starte med. Det er semje om at ein skal starte litt forsiktig første sesong og deretter bygge opp med fleire turar.

Den største utfordringa med prosjektet er at Møre og Romsdal sin driftsmodell ikkje kan overførast til dei tre andre fylka. Dette skyldast at fylkeskommunane, kollektivselskapa og destinasjonsselskapa ikkje er eins organisert.

I Møre og Romsdal er det samferdselsavdelinga i fylkeskommunen som har det heile og fulle produktansvaret, medan destinasjonsselskapa bidreg med sal og marknadsføring.

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har ikkje ressursar som kan gjere det praktiske arbeidet knytt til tilbodet. Skyss og Kolumbus har og varsla at dei ikkje ønsker sals- og marknadsføringsansvar, men dei vil bidra med ruteplanlegging. Møta med destinasjonsselskapa har som mål å avklare om

destinasjonsselskapa kan ta eigarskap til tilbodet, i tillegg til at vi i møta og skal diskutere turmål.

Målet er det skal vere mogleg å reise som dei lokale i dei tre fylka frå mai 2019. Ein føresetnad for dette er at ein finn ei løysing for produkteigarskap raskt. Dette er ein svært kritisk faktor i prosjektet.

Forslag til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-11/19
Møtedato: 15.02.2019

ORIENTERING OM NORA

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	11/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Saksutgreiing:

ORIENTERING OM NORA

Vedlegg:

1. Oversyn over medlem av NORA sin komite og NORA sitt arbeidsutval
2. Prosjekt som fekk støtte av NORA i 2. halvår 2018
3. NORA sin handlingsplan for 2019

Sakshandsamar: Lena Merete Søderholm, Sogn og Fjordane

Oppsummering frå Vintermøtet 2018 og vegen vidare - NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)

Dagen før NORA sitt vintermøte, hadde heile komiteen i NORA1 studiedag i Nordisk Ministerråd (NMR). I tillegg hadde arbeidsutvalet (AU) i NORA sitt årlege møte med Dagfinn Høybråten (generaldirektør i NMR). Vestlandsrådet sin representant er medlem av AU.

Av dei 12 ministerråda som utgjer det vi i daglegtala kallar Nordisk Ministerråd fekk NORA presentasjon frå desse: Energi (Jens Skov-Spilling), Kulturpolitikk (Annika Søderlund), Arbeidsliv (Jens Oldegård), Næring (Emma Øjehaug Væge), Bæredyktig utvikling (Trine Schmidt), Fisk og bioøkonomi (Bjørn Tore Erdal), Digital (Morten Friis Møller), Miljø/klima (Jens Skov-Spilling).

NMR vart utfordra på kva megatrender dei ser føre seg. Det vart referert til rapporten «*The Nordic future of work: Drivers, institutions, and politics*» utabeidd med stønad frå NRM. I følgje denne er det registrert fire megatrender:

1. Klimaforandringar
2. Migrasjonspress
3. Alderssamansettinga
4. Robotisering, digitalisering

Dette stiller krav til framtidens arbeidsliv, der om lag 50 % av jobbane vil få endra innhald. Dette fører til eit stort behov for opplæring og endringskompetanse vert særst viktige.

Det er verd å merke seg at delingsøkonomi ikkje er så stort som ein trudde for fire år sidan.

På møtet mellom MNR sin generalsekretær og AU peika Dagfinn Høybråten på desse utfordringane vidare for NORA: Det ligg ein fare i å spreie seg for mykje. NORA bør vurdere om vi bør ha så stor tyngde på tilskot til prosjekt. Vi må sjå

nærare på balansen mellom eigne prosjekt og prosjekt som kjem inn som eksterne søknadar.

Vi må vite kva vi ynskjer å oppnå gjennom prosjekttilskota. NORA sin Tenketank er eit godt initiativ: ambisiøst og bygger på kompetanse. Hamnesamarbeid som no skal settast i gang, er midt i blinken. NORA sin satsing på ungdom er også i tråd med NMR sine prioriteringar.

NORA er eit reiskap for regional integrering, dette er det overordna målet. I dette ligg det mange moglegheiter, m.a. på at ein kan sikre god integrasjon mellom landa gjennom Nabosamarbeidet i Vest.

Ministerrådet ønsker sjølv ein sterkare konsentrasjon mot få tema i NMR. For 2019 og 2020 er desse tema vektlagt: Digitalisering, Mobilitet og Profilerung.

Kort oppsummering frå komitémøtet 5. desember 2018

NORA sin strategi (2017-2020) står på tre pilarar: NORA som allianseskapande, som agendasettande og som prosjektstøttande, og ein intern midtvegsevaluering av NORA sin aktivitet vart gjennomført under møtet. Nokre hovudpunkt er summert opp her:

- Omfanget av ekstern prosjektstøtte skal vurderast opp mot eit ønske om fleire strategiske initiativ internt i NORA.
- Ungdomssatsinga skal heller bygge på eksisterande strukturer og arenaer enn å forsøke å bygge opp ein ny nordatlantisk ungdomsplattform. Komiteen vi vurdere eiga tankesmie for ungdom.
- Sekretariatet skal i større grad foredle tilrådingar og idear frå NORA si tankesmie før handsaming i komiteen, og komme med forslag til korleis NORA kan arbeide vidare med desse. NORA skal arbeide med å styrke og vidareutvikle tankesmia i ein eventuell vidareføring. Skal her også vurdere er om ein skal peike ut fleire tematisk avgrensa tankesmier, som får klårare oppgåver enn dagens mandat. Dette arbeidet bør ta omsyn til Nordisk ministerråds prioriterte innsatsområder.
- Komite- og AU-medlemmane vil bli meir involvert i det allianseskapande og agendasettande arbeidet, dette betyr større geografisk breidde i NORA sin aktivitet og noko større arbeidsinnsats.

Hermann Sæmundsson frå Island vert NORA sin formann for 2019, i 2018 var dette vervet på Grønlandske hender. Åremålsstillinga til NORA sin direktør Ásmundur Gudjonsson vart forlenga med fire nye år. Komiteen vedtok også handlingsplan for 2019. Sjå vedlegg 3.

På vegne av det islandske formannskapet i NMR skal NORA vere forvaltningsorgan for det treårige prosjektet *NordMar Havner*. Prosjektet fokuserer på korleis hamner og deira «økosystemer» av aktørar er pådrivarar for bærekraftig utvikling og innovasjon innafor havbaserte industriar. Dette inneber eit fokus på alternativ drivstoff innan skipsfart, berekraftig cruiseturisme og blå bioøkonomi.

Det kom inn 14 søknader til NORA dette halvåret om støtte til utviklingsprosjekt, 6 av desse fekk støtte. Dei to største av desse er forankra på Vestlandet (Hydrogenlæringsnettverk og Alget 2). Sjå vedlegg 2 for liste over prosjekt som fekk støtte.

Utfordring til Vestlandsrådet i 2020

Island skal ha formannskapet i både NORA og NMR i 2019. Dei nyttar dette høvet til å sette følgjande på agendaen; Havet, Plast, Hamner som innovasjonssentre (innovative hubs), Bioraffeneri, Det unge Norden, Det ettertrakta Norden.

I 2020 er det Vest-Norge sin tur til å ha leiinga (formannsrolla) i NORA.

Dette er ein moglegheit for Vestlandsrådet til å sette eit Nord-Atlantisk perspektiv på tema som er spesielt aktuelt for oss i Vest-Norge. Vi bør nytte 2019 til å finne politisk relevante tema som Vestlandsrådet ynskjer å løfte i eit slikt fellesskap, og å tenke igjennom korleis vi vil skjøtte rolla når Vest-Norge har formannskapet. Med tanke på å overta leiinga, og få ein god overgang ved årsskiftet, følgjer Vest-Norge sin representant tett med på arbeidet Island gjer i 2019.

Tidlegare vedtak i Vestlandsrådet har lagt ansvaret for oppfølging av NORA arbeidet til Sogn og Fjordane fylkeskommune og det har dei siste tre åra vore Nærings- og kulturavdelinga ved Lena Söderholm som har hatt denne oppgåva. Frå 2020 vil Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje eksistere lenger, og det må vurderast om Vestlandsrådet bør gjere eit nytt vedtak med tanke på oppfølging av dette arbeidet. Arbeidet vert vurdert å vere særst interessant og relevant for den samfunns- og næringsutviklingsrolla vi har, og det marine element er ein tydeleg fellesfaktor som bind den Nord-Atlantiske regionen saman i dette arbeidet (sjølv om også andre tema er diskutert).

Vi vil komme tilbake med ei sak om dette ved eit seinare høve, og er interessert i kva tankar Vestlandsrådet har i denne saka.

Det kan også vere aktuelt å få NORA sin direktør til å halde eit innlegg på eit møte i Vestlandsrådet for å gje Vestlandsrådet fornya kompetanse om arbeidet som finn stad i NORA.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Håkon Schwalb
kst fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-12/19
Møtedato: 15.02.2019

VESTMARIN - ÅRSRAPPORT FOR 2018 OG HANDLINGSPROGRAM FOR 2019

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	12/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet tek Årsrapport 2018 og handlingsprogram 2019 frå Vestlandssamarbeidet – marin satsing til orientering.

Saksutgreiing:

VESTMARIN - ÅRSRAPPORT FOR 2018 OG HANDLINGSPROGRAM FOR 2019

Sakshandsamar: Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal

Vedlegg:

VestMarin – Årsrapport 2018

VestMarin – Handlingsprogram 2019

VestMarin er eit samarbeid mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet om marin næringsutvikling. Samarbeidet har fått namnet Vestlandssamarbeidet - marin satsing, forkorta til VestMarin. Leiaransvaret i arbeidsgruppa følgjer sekretariatet i Vestlandsrådet og rullerast kvart år. Arbeidsgruppa rapporterer til næringsssjefsgruppa/næringsssjefane i Vestlandsfylka. Møre og Romsdal fylkeskommune v/Lisbeth Nervik har hatt leiaransvaret i styringsgruppa og sekretariatet for VestMarin i 2018.

VestMarin fekk ansvaret med å følgje opp deler av strategien «Ei marin klynge i verdsklasse», Vestlandsrådet sitt engasjement for marin sektor og sjømatnæringa 2014-2020. Følgjande vedtak vart gjort 27. november 2014 (sak VR-17/14): «Deler av «Marin Strategi for Vestlandet» vert implementert i handlingsplanen til VestMarin. Det skal jobbast med eitt eller to handlingspunkt/tiltak per år. Ved behov kan det brukast eksterne miljø til utføring av utreiingar t.d. bestilling av rapportar og liknande. Dette er ein ekstrakostnad som enten Vestlandsrådet eller fylkeskommunen handsamar spesielt i kvart tilfelle.»

Det er elles ikkje lagt opp til årlege felles løyvingar til VestMarin, og satsinga har ikkje felles budsjett. Samarbeidet har disponert ubrukte midlar frå satsinga «Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar» (avvikla i 2011). Desse midlane er brukt opp i 2018.

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet tek Årsrapport 2018 og handlingsprogram 2019 frå Vestlandssamarbeidet – marin satsing til orientering.

Håkon Schwalb
kst. fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

FYLKESRÅDMANNEN I ROGALAND

Vestlandsrådet

Saksnr.: VR-13/19
Møtedato: 15.02.2019

FN SINE BEREKRAFTMÅL - STATUS I VESTLANDSFYLKA

Saksgang:	Møtesaksnr.:	Utvalg:	Møtedato:	Votering:
	13/19	VR	15.02.2019	

Innstilling:

Vestlandsrådet ber om at det blir utarbeida oppdragsbeskriving for ein berekraftsrapport etter mønster av Buskerud sin, som vert å leggja fram for Vestlandsrådet til godkjenning

Saksutgreiing:

FN SINE BEREKRAFTMÅL - STATUS I VESTLANDSFYLKA

Sakshandsamar: Geir Sør-Reime Rogaland

Vedlegg: Bærekraftsrapport for Buskerudsamfunnet
Towards a sustainable Europe by 20130

Bakgrunn

FN sine berekraftsmål frå 2015 og UNFCCC - United Nations Framework Convention on Climate Change (1992) er basis for miljø- og klimaarbeidet over det meste av verda, også i Vestlandfylka.

Knytt til desse er Kyotoprotokollen (1997), Parisavtalen (2015) og COP – Conference of the Parties, som drøfter gjennomføring av avtalane.

Berekraftsmåla er grunnlag for mange lokale og regionale miljø/klimaplanar. Buskerud fylkeskommune fekk i samarbeid med Asplan Viak i 2018 utarbeida ein berekraftsrapport som ser på utviklinga i Buskerud med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål.

Berekraftig utvikling blir her definert som forvaltning og fordeling av tilgjengelege ressursar slik at dei er til nytte for både nåverande og komande generasjonen og for alle grupper i samfunnet.

Rapporten ser på korleis dei utviklingstrekkka ein finn kan relaterast til FN sin berekraftsagenda og dei 17 utviklingsmåla i denne. Rapporten gir ein status på korleis Buskerud utviklar seg berekraftig både økonomisk, sosialt og i høve til miljøet.

Buskerud fylkeskommune vil gjerne dela røynsler både frå arbeidet med rapporten og det dei har erfart etter at den var ferdig med andre fylke.

30.januar i år la også EU-kommisjonen fram eit dokument kalla 'Mot eit berekrafting Europa i 2030' som m.a. har eit omfattande vedlegg som gjev status for EU i høve til FN sine berekraftsmål.

Kvifor ein statusrapport

Buskerud understrekar at berekraftig utvikling i stor grad handlar om å sjå ulike utviklingstrekk i samanheng. Utarbeiding av ein berekraftsrapport vil difor kunne vera eit utviklingsarbeid knytt til meir heilskapleg politikkkutforming og vera eit nyttig verktøy for fylkeskommunane sitt arbeid dei neste åra.

Buskerud seier at formålet med analysane er å gje eit breidt bilete av status og utvikling i Buskerud og hjelpa oss til å ta gode grep for å auka livskvalitet, folkehelse og næringsutvikling, samstundes som ein minskar presset på klima og miljø.

Mellom dei interessante funna i rapporten kan nemnast:

Fattigdom: Talet på hushald som kan definerast som fattige har auka frå 9,4 % i 2010 til 11,2 % i 2016.

God helse: Personar med trygg tilgang til rekreasjonsområde er noko lågare i Buskerud enn resten av landet.

Utdanning: Dei siste åra er det fleire som gjennomfører vidaregåande opplæring på normert tid.

Jamstilling mellom kjønna: Kvinner arbeider i større grad deltid samanlikna med menn.

Reint vatn: For Buskerud er det svært gode resultat når ein ser på kor stor av befolkninga som har tilgang til vatn.

Innovasjon: Forsking, næringsliv og nyetablering av føretak viser ei positiv utvikling i Buskerud.

Bustad: Bustadprisane i Buskerud er samla sett relativt låge.

Forbruk: Buskerud ligg relativt høgt når det gjelder mengda hushaldsavfall per innbyggjar.

Klimaendringar: Resultata syner at ein i Buskerud ikkje nærmar seg nasjonale mål om vesentlege kutt i utsleppa.

Kriminalitet: Det er ei merkbar nedgang i melde lovbrøt per 1000 innbyggjarar.

Røynslene frå Buskerud

Internasjonal gruppe har vore i kontakt med dei ansvarlege i Buskerud fylkeskommune for rapporten.

Dei vil meir enn gjerne dela sine røynsler med Vestlandsrådet, og bidra til at ein rapport for Vestlandsfylka blir enno betre enn Buskerudrapporten.

Dei har brukt rundt 500.000 kroner på konsulentbistand til rapporten, i tillegg til interne ressursar.

I Buskerud arbeider ein no aktivt med oppfølging og vidareutvikling av rapporten.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Vestlandsrådet gjer vedtak om å starta prosessen med eit forprosjekt for utarbeiding av ein statusrapport og ber fagfolka i medlemsfylka utarbeida ein oppdragsbeskriving for eit slikt arbeid, inkludert ei kostnadsrame.

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet ber om at det blir utarbeida oppdragsbeskriving for ein berekraftsrapport etter mønster av Buskerud sin, som vert å leggja fram for Vestlandsrådet til godkjenning

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.